

Stusdal Vvs AS  
v/Einar Stusdal  
Apalen 17  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5616 - 20/15854

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
23.03.2020

## Løyve til utslepp for fritidsbustad gnr 354/37 og 354/49 - endring av gjeve løyve

Administrativt vedtak: **Saksnr: 345/20**

Byggestad: Gnr: 354/37  
Tiltakshavar: Steinar Korneliussen  
Ansvarleg søker: Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS  
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe  
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve løyve til endring av utsleppsløyve for fritidsbustad på gnr 354/37,49 på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent slamavskiljar.  
Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning til sjø som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå egedomen vert gitt for 5 pe.
3. Slamavskiljaren må plasserast slik at avstand til plass med mogelegheit for parkering av tömmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tömmebil (ikkje overstig 8 meter).
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurenning, §§ 12-7 til 12-13.
5. Egedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

- 6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.**
- 7. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det ligge føre stadfesting frå montør, og koordinatar for plassering av anlegget.**

## **SAKSUTGREIING:**

### **Tiltak**

Det er i sak 90/2017, datert 28.03.2017 gitt følgjande løyve:

Meland kommune gir i medhald av Forskrift om begrensing av forurensing § 12-5, utsleppsløyve for ein fritidsbustad på gbnr 54/37(49) i samsvar med søknad journalført motteke 28.03.2017 og på følgjande vilkår:

- Avlaupet skal gå vi slamavskiljar på 10m<sup>3</sup> av godkjend type.
- Frå slamavskiljar skal avlaupsvatn førast i tett leidning og ut i sjø til minimum 10 meter under middel vasstand.
- Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast med slamsugebil i samsvar med vedtekter for slamtømming.
- Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Det vert no søkt om endring frå ein stykk 10 m<sup>3</sup> slamavskiljar til 2 stykk 4 m<sup>3</sup> slamavskiljarar. Ansvarleg søker har opplyst at eigedom gbnr. 354/34 ikkje skal kople seg til i denne fasen og av den grunn vil gbnr. 354/37,49 og 354/32 har kvar sin slamavskiljar på 4 m<sup>3</sup>.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.02.2020.

### **Planstatus**

Den omsøkte eigedomen ligg i eit uregulert område som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) er avsett til landbruks-, natur- og fritidsformål (LNF), men gjennom vedtak frå Utval for drift og utvikling (UDU) av 05.09.2016 blei det gitt naudsynt dispensasjon frå KPA for tiltaka som det no blir søkt om, sjå UDU-sak 55/2016.

### **Nabovarsel**

Endringssøknaden er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2/§ 13-4 nr. 2.

### **Passering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 10.03.2020.

### **Reinseløysing**

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

### **Drift og vedlikehald**

Eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tömmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tömmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Kap.12

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tömmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 10.03.2020.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova Kap 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova er handsama i eige vedtak i saksnr 90/2017.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og

forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd.

Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga.

Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si ytинг/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 20/5616**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS	Rosslandsvegen 364	5918	FREKHAUG
Steinar Korneliussen Stusdal Vvs AS	Spondalen 23 Apalen 17	5121 5915	ULSET HJELMÅS